
ON NORDIC AIR

TRUDI JAEGER malerier

9. mars–2. april 1989
Bergens Kunstforening

I

Bileta til Trudi Jaeger skulle vera allment kjende; for dei som er innom Haukeland Sykehus, i ein eller fleire etasjer; for dei som går innom Bergen likningskontor og for dei som kjem reisande til bergen over Flesland, der ein vert møtt av hennar bilete når ein kjem ned frå innanlandsflya, så vel som utanlandsflya.

Du vert ført inn i Vestlandet gjennom hennar bilete.

Du kan når som helst møte henne der, og du har møtt henne på ei rekkje utstillingar i offentlege og private galleri det siste 10-året.

Bygningar er tilført ei biletverd utanfrå; og ein ny generasjon arkitektar får opna biletverda si.

Trudi Jaeger er lærer ved Bergen Arkitektskule. Ho opnar for lyset, for lufta, for synet og alt det sanselige i situasjonen.

Gjennom det pedagogiske arbeidet hennar kjem ein og nær London, metropolen, St. Martins School of Art, der ho sjølv har gått sin skule.

Ein kjem inn i det nordiske lyset utanfrå, inn i den våte lufta her ved havet, inn i vår kvardag.

NY ERFARING NY OPPLEVING

Du møter Norden, kystlandet og innlandet i år registrering, og likefullt på ein konkret måte; lufta, vått, i skodde, men likevel klårlagt. Loddrett dalvegg, gråvær full av fargar, regnvær, natt, skir luft, og forureina luft. (Ho har ein serie kalla 'acid rain'). Ho visar oss tvilyset, to lys på same tid som er så særskilt for vår breiddegrad, når dagen demrar, når dagen skumrar; lyst, skumt, våtleg, kjøleg.

Det handler heile tida om situasjonen vi lever i, om lufta som er så rå og regnfull, frostig, kulstig men vår, kjøleg men fin, om lufta som er så kjøleg i fargen her nord, så annleis enn lengre sør, om vår luft.

Trudi Jaeger viser oss dette, i bilete etter bilete, opplevd, sett.

Så me på ny kan oppleve vår luft, vårt lys, våre fargar, vår situasjon ein del av vårt tilvære.

II

Kalligrafi. Loddrette plan, heilt i frå regnvegg, våt naturvegg i Bergensdalen tidleg på 70tallet. Vertikale, forsterka av møte med mørk, stengjande vegg.

Nordisk gjennom kontakt over ein god del tid.

Finland, finsk skog og skogbotn.

Hallingdal ikkje ulikt.

Snø, tre, tre, snø, greiner, stolpar, stokker, kalligrafi på snø.

Fri teikning, stokkane, trea i rommet vårt friare ettersom bakgrunnen var eit lerret.

Våt mark, snø, smeltande snø og så igjen:

Grøn vegg, våt vegg.

Veggen som står framføre oss, ikkje berre fjellvegg, li.

III

Dette er ei forskarferd i analysen, men det er endå meir ei oppdagingferd gjennom nedteikning.

Denne lufta vert nedteikna

På ark, på lerret

På ulike slags lerret. Som har ulike nærleik nært forhold til den som ser.

Grovt lerret.

Fint lerret.

Ulikt preparerte lin lerret.

Og så er vi nesten ved ei formulering.

Og det er mellom

Det uttalte om luft

Og lufta.

Der ligg alle desse sløra

Konseptuelt.

Det er eit sjikt so ikkje kan gripast

Gjennom ei nedteikning av ord,

Fordi ord når berre dit ein har definasjon _

Og det er eit stykke derifrå

Til det som er luft.

Tekst ved Svein Hatløy, 1989